

Etablering Interkommunalt Friluftsråd



Aurland
Balestrand
Leikanger
Luster
Lærdal
Sogndal
Vik



Innhold

1. *Innleiing*
2. *Bakgrunn*
3. *Om friluftsråd*
4. *Status og utfordringar i kommunane*
 - 4.1 *Aurland kommune*
 - 4.2 *Balestrand kommune*
 - 4.3 *Leikanger kommune*
 - 4.4 *Luster kommune*
 - 4.5 *Lærdal kommune*
 - 4.6 *Sogndal kommune*
 - 4.7 *Vik kommune*
5. *Oppgåver til "Indre Sogn friluftsråd"*
6. *Tilråding*
7. *Alternative løysingar til interkommunalt friluftsråd*
8. *Innspel frå referansegruppene og eit samanliknbart etablert friluftsråd.*
9. *Dokument og litteratur*
10. *Vedlegg*



1. Innleiing

Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Friluftsliv og naturopplevingar er både velferdsgode for lokalbefolkninga og infrastruktur for opplevingsturisme og geoturisme. Aktiv sikring av område, tilrettelegging, informasjon og synleggjering er nødvendig og er ansvar for kommunane. Tilrettelegging for friluftsliv er eit fag som krev kompetanse, mandat og ressursar.

Sogn regionråd har fått tildelt midlar frå Fylkeskommunen til eit forprosjekt for utgreiing av eit interkommunalt friluftsråd i Sogn. Sogn Næring AS har bidrege med prosjektleiar. Kvar kommune har stilt med ein person i ei prosjektgruppe som har utarbeida innspel og strategiar for eit mogleg friluftsråd. Rapporten har blitt sendt på høyring til ei referansegruppe bestående av :

Forum for natur og friluftsliv
Sogn og Fjordane Turlag
Visit Sognefjord
Indre Sogn Kystlag
Norsk Jeger- og Fiskeforbund
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Naturvernforbundet

Eit regionsamarbeid må dersom ein skal lukkast ha ein viss storleik kva gjeld tal kommunar, innbyggjarar og økonomi.

Friluftsliv treng ikkje bare vere knytta til fritid, vere enkel eller tradisjonell. Friluftsliv spennar seg over eit vidt spekter av aktivitetar frå det å gå i fjæra eller på fjellet, til fiske, kratring, offpiste køyring og andre ekstreme aktivitetar.

Internasjonale trendar er fitness, freshness og geoopplevingar. Eksempel på dette er EUs helseturisme program "TourHeal", "Tourism and Health Prosjekt" som omfattar helse i vid forstand. Innovasjon Norge har underteikna ei avtale som forpliktar til å satse på geoturisme. Det inneber at vi skal "ta vare på, forsterke og framheva den lokale eigenarten til staden - bygd på miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og skal komma lokalsamfunnet til gode". Dette felle saman med kvalitetane som kvalifiserar til t.d. Verdssarvstatus jfr. UNESCOs prestisjetunge program "World Heritage". Dei klassiske turområda og spesielt strendene er i dag under sterkt press frå utbyggingsinteresser. Nye former for friluftsliv spring ut frå den urbane livsforma, og byfolk og tilreisande drar lang veg i sin søken etter utfordringar og turar i vakker natur. Desse trendane skapar behov for å investere i eit kvalitativt organisert friluftssamarbeid.



2. Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønsker eit friluftsråd i fylket. Fylkeskommunen har etablering av interkommunalt friluftsråd både som ein strategi i Kulturstrategien for 2008-2011 og som eit tiltak i Fylkesdelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013.

Lov om friluftslivet (LOV-1957-06-28-16) seier i formålsparagrafen §1: "Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheita til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivsel skapande og miljøvennlig fritidsaktivitet bevarast og fremmast."

Frå naturen si side er Sogn og Fjordane variert – både med omsyn til topografi, nedbør og temperatur - noko som gjev allsidige høve for friluftsliv. Fylket har ei lang kystline med alt frå idylliske øyrike til bratte klippar, og med innslag av svaberg og langgrunne sandstrender. Fjordane skjer seg langt inn i landet, og inst i fylket reiser fjella seg over 2000 moh. 24 av 26 kommunar grensar til sjøen. Fylket har store utmarksareal som spenner frå lyngheier og myrer via skogsområde, bratte lier og kupert fjell til alpine fjellområde.

Dette har vore med på leggje grunnlaget for eit allsidig friluftsliv frå sjø- og båtliv, jakt og fiske, turgåing og ski – gjerne omtala som det tradisjonelle friluftslivet. I tillegg til sjølve naturkvalitetane er gjerne kulturhistorie med på å auke verdien av eit område. "Den trondhjemske postveg" slyngar seg gjennom fylket, og store delar er no lagt til rette for ferdsel. I tillegg har vi mange gamle ferdsleveggar i fylket.

I Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013 har Sogn og Fjordane fylkeskommune sett følgjande mål for friluftslivet i fylket:

"Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Å ferdast ute i naturen har gjennom alle tider vore ein del av det norske folk sin kvardag og fritid, og er ein del av vår felles kulturarv".

Vidare har ein sett desse delmåla:

- Sikre grunnlaget for allemannsretten og leggje til rette for det enkle friluftslivet
- Sikre meir areal og utvikle fleire og betre anlegg for friluftsliv
- Barn, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit allsidig aktivitetstilbod i friluftsliv-, natur- og kulturorganisasjonane i Sogn og Fjordane



3. Om friluftsråd

Det er etablert 20 interkommunale friluftsråd i landet, og 178 kommunar er medlemmar.

Kva er eit friluftsråd?

Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom kommunar og evt. andre offentlege institusjonar og frivillige organisasjonar om nærare definerte felles friluftsoppgåver. Samarbeidet er formalisert gjennom vedtekter, årsmøte, styre, arbeidsprogram, budsjett, årsmelding og rekneskap.

Totalt er det 65 tilsette i friluftsråda i Noreg.

Kvifor interkommunalt samarbeid om friluftsoppgåver?

- Friluftsliv kjenner ikkje kommunegrenser. Friluftsråda utgjer naturlege opplevingsregionar og gjev høve til å gjennomføra oppgåvene på ein samfunnseffektiv måte
- Regional prioritering: Friluftsliv blir sett på dagsorden i regionen og får fram eit langsiktig, målretta og systematisk arbeid innan prioriterte område
- Kompetansesentral: Mange kommunar er for små til å ha eigne tilsette til å arbeida med friluftsliv. Interkommunalt samarbeid sikrar at regionen har kompetanse innan friluftsliv.
- Utgiftsfordeling: Kommunar med mange innbyggjarar nyttar friluftsområda i omegnskommunane. Interkommunalt samarbeid sikrar finansiering av nødvendige tiltak i dei områda som vert mest brukte uavhengig av kommunegrenser.
- Koordinera statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar

Aktuelle oppgåver:

- Sikring av friluftsområde: Høyringsinstans for friluftsverdiane og laga bruksavtaler for stiar, løyper og turveggar
- Tilrettelegging og drift av friluftsområde
- Informasjon: Kart, brosjyrar, internett, turbøker, informasjonstavler m.m.
- Aktivitetstiltak: kurs og opplæring, arrangera turar og ute arrangement, uteskule for skuleklassar, friluftsferie for barn og ungdom og friluftstiltak for funksjonshemma, minoritetsgrupper og andre med særskilde behov
- Skaffa statlege og fylkeskommunale midlar til prosjekt og tiltak i regionen.

Alternative organiseringar:

1. Kommunelovens Kapittel 11, Kommunalt og fylkeskommunalt føretak.
2. Lov om Interkommunale selskap, IKS
3. Kommunelovens §27 om interkommunalt og inter fylkeskommunalt samarbeid.
4. Stifting

Nokre få friluftsråd er organiserte som IKS eller stifting, men dei fleste er organiserte som eit samarbeid etter kommunelova § 27. Nokre friluftsråd har inngått samarbeid med organisasjonar som arbeider med friluftsoppgåver.

Friluftsrådernes Landsforbund


Friluftsråda hadde behov for ei møteplass og felles forum bl.a. for å samordna og fremje synspunkta sine overfor nasjonale friluftsliv myndigheiter. Hausten 1974 vert dei interkommunale friluftsråda samla fyste gong på Sundvollen. I perioden 1974 til 1985 blei det annankvart år arrangert hhv landskonferansar og formannsmøte. På formannsmøte i 1985 blei det oppretta eit interimstyre for å førebu oppretting av Friluftsrådets Landsforbund (FL). Det heiter frå vedtaket at FL skulle "bli eit overordna samarbeidsforum for dei interkommunale friluftsråda i saker av felles og nasjonal interesse." Friluftsrådernes Landsforbund blei stifta 1. juni 1986 i Ålesund. Føremålet med Friluftsrådernes Landsforbund er:

1. Å utveksle informasjon og erfaringar, og drøfte oppgåver og utviklingsmoglegheiter.
2. Å opprette eit felles talerøyr overfor styresmaktene.

Oversikta under viser friluftsråda i landet, og utviklinga i tal medlemskommunar sidan 1993.

Friluftsråd	Stiftet	Antall medlemskommuner	Innbyggere i medlemskommuner (1.000)	Areal i medlemskommuner, km ²
Oslo og Omland	1936	19	1.000	5.019
Oslofjordens	1933	31	1.395	4.988
Sør	1985	8	85	3.215
Midt-Agder	1939	8	129	2.556
Region Mandal	2000	5	25	1.928
Lister	2006	6	35	3.805
Dalane	1994	4	23	1.589
Jæren	1950	8	280	1.529
Ryfylke	1978	11	232	4.530
Vest	1983	12	151	4.346
Bergen og Omland	1937	15	368	3.342
Ålesund og Omland	1974	9	80	2.178
Nordmøre og Romsdal	2000	10	78	2.656
Trondheimsregionens	1936	6	215	2.683
Polarsirkelen	2006	7	37	9.238
Salten	1992	9	77	10.487
Ofoten	1993	5	26	4.671
Vesterålen	2003	6	32	2.917
Midt-Troms	2006	8	30	8.252
Ishavskysten	2007	5	80	7.250

Tabell 1. Stiftelsesår, antall medlemskommuner, antall innbyggere og landareal i friluftsrådernes medlemskommuner.



Figur 1. Utvikling i antall medlemskommuner i friluftsrådene

4. Status og utfordringar i kommunane

4.1 Aurland kommune

Verneplan og tilrettelegging for bruk

Kartet over Verdsarv Nærøyfjorden på neste side, viser kva område som er sikra/verna i kommunen innfor reglane for verdsarv, naturreservat (NA) og landskapsvernområde (LVO).

Kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss skipa den 28. januar 2008, etter ein lengre førebuande prosess, stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP). Stiftinga har som eitt av fleire siktemål å koordinera og samordna den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.

NVP er etablert kring verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet.

Regionalparken inkluderer ei breidt samansett gruppe samarbeidspartar/ aktørar i Sogn og Fjordane og Hordaland, som aktivt har valt ei verdiplattform som bidreg til ivaretaking og bruk av verdsarven.

Verdsarvområde Nærøyfjorden

Aurland er ein kommune der friluftsjakterne står sterkt. Det er laga kart som viser stiar og ferdsløyper i både lågland og høgfjell. Jakt og fiske spelar ei viktig rolle for mange aurlendingar, og her står gjerne villreinjakta i ei særstilling. Det er eit aktivt og godt samarbeid mellom fjellstyret, grunneigarane og det lokale jakt- og fiskelaget om kultivering og anna praktisk tilrettelegging for fjellfiske.

Det vart utarbeida ein Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i 2005 (vedlagt).

Denne planen gjeld i perioden 2005 – 2017, men vert rullert kvart år, alt etter kva nye tiltak som kjem til, og kva prioriteringar kommunen ynskjer. Det er heilt klare rutinar for korleis planen blir handsama politisk og administrativt, med god rettleiing frå kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Kommunen har bygt ny fleirbrukshall som sto ferdig i 2009 (www.aurlandshallen.no). Drifta av hallen er organisert i eit samarbeid med dei ulike brukargruppene, der Aurland idrettslag står heilt sentralt.

I tillegg til dei aktivitetane som idrettslaget driv, finst det fleire aktive skyttarlag i kommunen. Blant desse er Aurland skyttarlag både størst og mest aktivt. Aurland jakt- og fiskelag er alt nemnt. Dei rekrutterer relativt mange medlemmar, der det tradisjonelt har vore fiske i Aurlandselva som har vore det største trekkplasteret og den største inntektskjelda, men der småbåthamn og hjortejakt i Nordheimsdalen er andre populære tilbod.

4.2 Balestrand kommune

Status på tilbud om friluftsliv

Sikra /verna område

Lokal verdi:

Saurdal Friluftsliv Område, Skiarena, Trolløyane, Nessadalen, Hakkespettskogen, Nedre Sande, Klibberg Natursti og Stølsberg Meneseggi.

Regional verdi:

Kvamsøy Friområde, Raudmelen Friluftsområde, Gulløypa, Kreklingen Friområde, Tjuatoten og Gaularfjellet.

Nasjonal verdi:

Lunde Arboret og friområde, Sværeskardet, Esefjelli, Vetlefjordøyra og Jostefond

Bruksaktivitet, lokal-/ regional turisme m.m.:

Turrutane rundt Raudmelen, Gulløypa og Kreklingen Natursti er dei mest brukte både av lokalbefolkninga, skulane og turistnæringa. Etter tilretteleggingane dei siste 10 åra har aktiviteten i desse områda auka voldsamt. Turistnæringa melder om stor interesse og positiv omtale på dei tilrettelagde turrutane med ulike vanskegrad.

Forvaltning av friluftsområda:

Kommune forvaltar sine område gjennom arealplanen for kommunen. Vidare gjennom kommunedelplan for Idrett og friluftsliv, som har ein handlingsplan der det vert sett av årlege midlar til ulike prosjekt/tiltak.

Organisering av friluftslivstiltak, politisk og administrativt:

Arbeidet med friluftslivstiltak er organisert særleg gjennom idrettslag og grendalag, og der den kommunale skogbrukssjefstillinga er mykje brukt til alt frå administrative oppgåver til planlegging, organisering og bestå i den praktiske utføringa av prosjekta.

Friviljuge, offentlege og private organisasjonar som jobbar med friluftsliv i Balestrand:

Balestrand og Høyanger Turlag
Balestrand IL
Vetlefjorden IL
Tjugum-og Esefjorden Grendalag
Vetlefjorden Grendalag
Kvamsøy Grendalag
Nessane Grendalag

4.3 Leikanger kommune

Kva område er sikra/verna i kommunen, kva er regulert/i faktisk bruk?

- Kleppa friluftsområde – gjennom leigeavtale
- Verken badeplass (privat eige) – gjennom reguleringsplan
- Leikanger ungdomsskule badeplass – gjennom kommuneplan
- Nybø badeplass – gjennom kommuneplan
- Nokkaneset (privat eige) badeplass/friluftsområde – gjennom kommuneplan

Korleis er bruksaktivitet, lokal- /regional turisme med vidare?

Bruksaktiviteten er stor. Dette gjeld fyrst og fremst dei fastbuande. Fjord og fjell vert nytta til friluftaktivitet av ulike slag. I sommarhalvåret er det bading, padling og båtutfart på fjorden. Fjellområda vert nytta til turgåing og fotturar. Om vinteren er det skiturar og skikøyring i fjella. Bruken av og i dei sikre/verna områda og i friområda er i tråd med gjeldande reglar for områda i følgje noverande kommuneplan (2008 – 2016).

Leikanger kommune har utarbeidd eige turkart for kommunen. Turstigar og turveggar er merka med infoskilt.

Korleis forvaltar kommunen sitt område og kva utfordringar ligg her for betre tilrettelegging og bruk?

Kommunen forvaltar sine område gjennom kommuneplanen. Arealdelen i kommuneplanen har områda sett av og markert som "LNF – område". Denne markeringa legg føringar for reguleringsplanar, byggjeplanar og vidare detaljplanlegging i områda. Andre kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med og i områda er: "Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet" og "Plan for folkehelse".

Utfordringar vert å oppnå og gjere områda tilgjengelege for ålmenta, og vedlikehalde og merke allereie etablerte stigar og turveggar. Eit meir og meir aukande problem er attgroing av stiar og turveggar.

Korleis har kommunen organisert arbeidet med friluftslivstiltak, politisk og administrativt + driftsordningar?

Arbeidet med friluftslivstiltak er organisert som eit samarbeid mellom friviljuge organisasjonar, idrettslag og kommunen. Kostnader til tiltak vert i hovudsak teke av kommunen, medan lag og organisasjonar bidreg med dugnadsarbeid. I tillegg er det eit utstrakt samarbeid med grunneigarar i om viltforvaltning og fiske.

Administrativt er det landbrukskontor, kulturkontor og teknisk kontor som arbeider med områda. Politisk er det formannskap og kommunestyre (politikarane) som har endeleg vedtak når det gjeld planar og tiltak som gjeld områda.

Kva for friviljuge og offentlege/private organisasjonar jobbar med friluftsliv i kommunen?

Lokale idrettslag, jakt- og fiskelag, grendalag, båtlag, reiselivsverksemder, hotell m.m. grunneigarlag og bondelag.

4.4 Luster kommune

Kva område er sikra/verna i kommunen, kva er regulert/i faktisk bruk?

Område i kommunen som er sikra eller verna, er delt inn i område med lokal, regional og nasjonal geografisk verdi eller interesse, jf. fylkesdelplan arealbruk og FRIDA:

Luster kommune er svært stor, og må seiest å vere eit eldorado for utøving av friluftsliv, jf. det som er skrive nedanfor under "Nasjonal og regional verdi."

Lokal verdi:

Områda for båtutfart på fjorden, badeplassar i indre del av kommunen.

Regional verdi:

Alle område av nasjonal verdi, dvs. store delar av fjellområda i kommunen.

Kommunal badeplass i Solvorn.

Nasjonal og regional verdi:

Store delar av kommunen, 53%, er verna i medhald av naturvernlovgevinga. Vi kan her nemne Jostedalsbreen og Breimheimen nasjonalparkar.

Dette er område som også er av nasjonal verdi i friluftssamanheng, jf. nedanfor.

Løype-/stinettet i fjellet er omfattande, det er utarbeidd turkart for fjellområda Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen vest. I tillegg ligg det føre sentralt utgjevne førabøker med turomtalar for fotturar, brevandring og fjellklatring.

Korleis er bruksaktivitet, lokal- /regional turisme med vidare?

Både fjord og fjell i Luster er mykje nytta til friluftaktivitet av ulike slag. I sommarhalvåret er fjorden nytta til bading, padling og båtutfart. Fjellområda er mykje nytta av tilreisande til skiturar, ski køyring, fotturar, brevandring og klatring.

Luster er den kommunen i landet der Den Norske Turistforeining, DNT, har flest hytter, i alt 10. I tillegg har lokallaget av DNT, Luster turlag, 2 hytteanlegg, Fivla og Fuglesteg. Luster Fjellstyre har også 2 hytter som er opne for ålmenta.

Korleis forvaltar kommunen sitt område og kva utfordringar ligg her for betre tilrettelegging/ bruk?

Kommunen forvaltar sine område gjennom i første rekkje arealplan for kommunen. Her er sett av og markert LNF – område, og dette legg i neste omgang føringar for detaljplanlegging. Andre kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med friluftsliv er: "Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet. og "Plan for folkehelse",

Luster kommune har også gjeve tilskot til/stått føre utgjeving av brosjyrar og hefte med turomtalar på ulike språk m.m.

Korleis har kommunen organisert arbeidet med friluftslivstiltak

Arbeidet med friluftslivstiltak, er i Luster kommune organisert som eit samarbeid mellom friviljuge organisasjonar, turistverksemder og kommunen, som kvar for seg bidreg både med arbeidsinnsats og økonomiske midlar. Grendalaga har t.d. opparbeidd og merka nett av stiar i nærmiljøet.

I tillegg er det eit godt samarbeid med grunneigarar og kraftverkseigarar i samband med viltforvaltning og fiske.

Kva for friviljuge og offentlege/private organisasjonar jobbar med friluftsliv i kommunen?

Luster Turlag, Den Norske Turistforeining (DNT), Luster jakt og fiske lag, Norsk Hydro/Statkraft, fiskekultivering, Båtlag, Idrettslag, Ungdomslag, Grendalag, Reiselivsverksemder, hotell m.m., Jostedal breførarlag, Icetroll, Vetlekroken kajakk, Norgesguidene.

4.5 Lærdal kommune

Regulert:

Kommuneplanen for Lærdal sin arealdel (1991, ikkje revidert) peiker ut 3 viktige område for friluftsliv: Blåskavlen-Bleia, Hemsedalsfjella og Filefjell

Store område i Lærdal er regulert til Landbruk-, natur- og friluftslivsområde. 87% av kommunen sitt areal ligg over 900 moh. Dette er i all hovudsak LNF-område. I tillegg kjem LNF-områda i dalbotnen. Rundt 90% av kommunen sitt areal er difor regulert til LNF-område. Det er også regulert og opparbeida småbåthamn og badestrand inst i Lærdalsfjorden.

Sikra/verna:

Bleiaområdet er no også verna i samband med Lærdal kommune si deltaking i Nærøyfjorden landskapsvernområde/verdsarvpark. Det er også verna vassdrag i kommunen:

Faktisk bruk:

Lærdal har til alle tider vore eit kommunikasjonsknutepunkt mellom aust og vest, og mellom sjø og land. Fjellet og dalføret er difor rik på vegar, frå den eldste alfarvegen til dagens E 16. Enkelte strekningar har heile fem parallelle vegar. Dei nedlagte vegtraseane gjev gode tilhøve for gåande og syklande gjennom store delar av dalen. Kjende og mykje brukte historiske strekningar er Kongevegen over Filefjell, Vindhellavegen, Galdane, Sverrestien og Seltåsen.

Turisme

Etterspurnaden, spesielt etter lettare turar, har vore aukande blant turistane.

Aurland Lærdal Reiselivslag har gåande eit prosjekt med merking av stiar i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark. Dei vil nytte systemet til Innovativ fjellturisme med fargar og gradering. Lærdal kommune samarbeider med Statens vegvesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Vang kommune og Valdres Natur- og Kulturpark om Kongevegprosjektet.

Kommunal forvaltning og organisering av arbeidet:

Det er vanskeleg å skilje kulturminnevern og friluftsliv i Lærdal. Tenesteeining for kultur og formidling har ansvaret både for bevaringstiltak og tilrettelegging for friluftsliv. I mange samanhenger vert dette kombinert. Det er ikkje noko lokalt friluftsråd eller anna organisering som formaliserer arbeidet med tilrettelegging for friluftslivet lokalt. Det er berre uformell kontakt med ulike lag, organisasjonar og privatpersonar, og mykje vert basert på støtte til ulike prosjekt.

Utfordringar ved tilrettelegging for bruk:

Den største utfordringa er sjølvstøtt midlar/ressursar. Det er stadige innsparingar i budsjettet, og stillingsheimlane i kommunen vert til ei kvar tid vurdert. Dei lokale laga opplever også at det vert tyngre å rekruttere frivillige, då eldsjelerne etter kvart vert færre.

Kva for friviljuge og offentlege /private organisasjonar jobbar med friluftsliv i kommunen:

Lærdal turlag, Barnas turlag, LHL Lærda, Idrettslag, Lærdal jeger- og fiskarlag, Lærdal fjellstyre, Lærdal kommune, Skulane (Lærdalsøyri skule, Ljøsne skule, Borgund barne- og ungdomsskule), Grunneigarar og eldsjeler.

4.6 Sogndal kommune

Kva område er sikra/verna i kommunen, kva er regulert/i faktisk bruk?

Lokal verdi gjeld mellom anna:

Fjellområde utover mot Norane frå Stedjeåsen.

Røvhaugane og oppover Sogndalsdalen på austsida. Dette inkluderer Tylderingen og Navarsetefjellet.

Området oppetter Torstadvakken.

Området rundt Synnevaskjer på vestsida av dalen.

Området rundt Togga, mot Storavatnet.

Fjellområdet rundt Sogndal lufthamn – Haukåsen.

Området over Amla /Amlatunnelen og Mannhiller.

Sør-, vest-, og nordsida av Store Haugmelen. Og:

Eit lite område ved Kjørnes.

Område med regional verdi er mellom anna:

Området rundt Skriki.

Området rundt Hodlekve. Her finn me og eit lite område med statleg sikring.

Fjærlandssete – friluftsområde i fjellet. Felles med Leikanger.

Sogndalsdalen og kringliggjande område. Felles med Balestrand.

Inste delen av Sogndalsdalen, med Anestølen og omkringliggjande fjellområde.

Øygard i Supphelledalen. Og:

Bøya – fjellstølen.

Område med nasjonal verdi, er:

Området rundt Tungastølen. Felles med Luster.

Alle desse områda er mykje brukt til turaktivitet, og turlaga har gått opp og merka mange av desse turane. Det er laga turkart og guidar til bruk for turistar.

Korleis er bruksaktivitet, lokal- /regional turisme med vidare?

Turistkontoret har registrert mange forespørslar frå turistar som ynskjer å nytte seg av turar i nærområdet. I tillegg til desse turistane kjem besøkande frå andre regionar i Noreg, og lokalbefolkninga. Dette er også aktive grupper, som nyttar friluftstilboda og turane i Sogndal.

Korleis forvaltar kommunen sitt område og kva utfordringar ligg her for betre

Kommunen forvaltar sine område gjennom i første rekkje arealplan for kommunen. Her er sett av og markert LNF – område, og dette legg i neste omgang føringar for reguleringsplanar, byggjeplanar og so bortetter. Utfordringar som vi mellom anna støyter på, er til dømes opning av skogsvegar for ålmenn ferdsel, tilgjengelegheit for ålmenta, og vedlikehald og merking av allereie etablerte stigar og turvegar. Andre kommunale planar som ligg til grunn for arbeidet med friluftsliv er: "Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse" og "Plan for folkehelsearbeidet i Sogndal kommune", og naturlegvis dei fylkeskommunale planane der dette vert nemnt.

Korleis har kommunen organisert arbeidet med friluftslivstiltak, politisk og administrativt + driftsordningar?

Arbeidet med friluftslivstiltak, er i Sogndal kommune organisert som eit samarbeid mellom friviljuge organisasjonar, idrettslag og kommunen, der kommunen står for ein del av dei faktiske kostnadene, medan lag og organisasjonar bidreg med dugnadsarbeid. I tillegg er det eit utstrakt samarbeid med grunneigarar i samband med viltforvaltning og fiske.

Kva for friviljuge og offentlege/private organisasjonar jobbar med friluftsliv i kommunen?

Turlag Den Norske Turistforening (DNT), Idrettslag, Ungdomslag og Grendalag

4.7 Vik kommune

Kva område er sikra/verna i kommunen, kva er regulert/ i faktisk bruk:

Vik kommune har følgjande verna område: Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Kommunen har og følgjande område som er regulerte som "friområde":

- Ligtvor badeplass
- Rundøyri badeplass (Arnafjorden)
- Indrefjorden badeplass
- Svolsvik badeplass
- Kaiparken i Vik (sentrum)
- Kålsete skianlegg
- Kålhagen hestesport
- Vik idrettspark
- Turveg (rundt om i kommunen)
- Badeplass i Feios
- Idrettsbana i Fresvik

Korleis er bruksaktivitet, lokal- regional/turisme mv.:

Bruken av og i dei verna områda er sjølvstøtt i tråd med gjeldande reglar for bruken av området. I Stølsheimen har m.a. Turistforeininga ein del hytter, til stor glede for mange fotturistar. Når det gjeld bruken av friområde som er regulerte etter gjeldande kommuneplan (2008 – 2012), er bruken slik: Badeplassane Rundøyri, Svolsvik og Ligtvor, er dei som vert mest nytta. Kaiparken i Vik vart sett i stand i mai/juni i år, og er tydeleg ein fin samlingsstad for mange. Kålsete skianlegg er utruleg mykje brukt. Kålsete er og eit flott turområde vår og sommar. Kålhagen hestesport er jamnleg i bruk. Vik idrettspark er utruleg mykje brukt, særleg til fotball. Det er søkt tippemidlar til å gjennomføra rehabilitering av store deler av idrettsparken. Dei mange turvegane i kommunen er mykje brukt. Særleg gjeld dette for dei nye turvegane knytt til "sylvringen".

Korleis forvaltar kommunen sitt område og kva utfordringar ligg her for betre tilrettelegging og bruk:

Vik kommune forvaltar via/i samarbeid med idrettslag og andre lag og organisasjonar. Alle idrettslaga får driftstilskot frå Vik kommune. Det er leigeavtalar knytt til badeplassane Ligtvor og Djuvik.

Korleis har kommunen organisert arbeidet med friluftslivstiltak, politisk og administrativ/driftsordningar:

Sjå også pkt 3. Det er kommunen sin avdeling for teknisk, drift og vedlikehald som har ansvaret for drifting av anlegga. Elles er det sjølvstøtt Vik formannskap og Vik kommunestyre som endeleg vedtek dei ulike planane.

Kva for friviljuge og offentlege /private organisasjonar jobbar med friluftsliv i kommunen:

Følgjande organisasjonar arbeider med friluftsliv i kommunen:

- Vik turlag
- Vik IL
- Idrettslaget Modig (Fresvik)
- Feios IL
- Bygdelaga i kommunen
- Turistforeininga

5. Oppgaver til "Indre Sogn friluftsråd"

Kva for oppgaver/ansvar kunne eit friluftsråd ha i Indre Sogn.

Arbeidsgruppa kom fram til desse oppgåvene:

- 1. Kompetanse og nettverksbygging i kvar kommune.**
Arrangere kurs, distribuere informasjon, helde møte, rådgjeving.
- 2. Samla marknadsføring for regionen sine friluftstiltak med brosjyre og nettside.**
Ei felles heimeside og felles informasjonsbrosjyre bør utarbeidast og distribuerast ut til kvar kommune.
- 3. Høyringsorgan for fylkeskommunen og staten.**
Eit friluftsråd vil vere eit høyringsorgan for fylkeskommunen og staten i saker som har med natur og friluftsliv å gjere.
- 4. Friluftstiltak for born og unge i regionen.**
Friluftsrådet bør arrangera barnas friluftsdag i kvar kommune minst ein gong i året, dette for å stimulera naturen og utelivet for dei minste.
- 5. 2-3 samlingar i året med friluftskraftørane i regionen.**
Det finst mange forskjellige friviljuge og offentlege organisasjonar i kvar kommune. Desse bør samlast 2-3 gonger på samlingar og evt kurs for å utveksle kompetanse og skape eit godt friluftsmiljø i indre Sogn.
- 6. Trivselsskapande oppgaver for kommunane.**
Vere med på arrangement og aktivitetar som aukar friluftsiiteressa hos innbyggjarane.
- 7. Lik fokus på friluftsliv i alle kommunar.**
Det er i dag forskjellig satsing på friluftsliv i kvar enkelt kommune. Eit interkommunalt friluftsråd vil vera ei styrke for kommunane som ikkje prioriterer friluftsliv i dag.
- 8. Rådgjeving.**
Eit friluftsråd vil skapa stor kompetanse innan friluftsliv og kan gje råd innan prosjekt i kvar kommune.
- 9. Prosjektfinansierte oppgaver for regionen.**
Mange friluftsråd i Noreg jobbar aktivt med prosjektfinansierte oppgaver. Det finst midlar både i fylket og hos staten som kan finansiera ein prosjektleiar stilling i tillegg til dagleg leiar.
- 10. Ha oversikt over midlar innan kommune, fylket og staten.**
I dag finst det ei rekke tilskotsordningar innan det offentlege. Eit interkommunalt friluftsråd bør ha god oversikt over desse midlane.
- 11. Informasjonstiltak t. d felles turkart, infotavler og turbøker.**
I dag bruker organisasjonane i kvar kommune mykje pengar på turkart, infotavler og turbøker. Nokre av desse bør samlast til friluftsrådet som kan finansiera og produsere desse.
- 12. Tiltak for særskilde grupper.**
Friluftstiltak for funksjonshemma, psykisk sjuke, gamle menneske osv er tiltak friluftsrådet bør arrangera.

13. Arbeid opp mot reiselivsorganisasjonane.

Reiselivsorganisasjonane er viktige å ha eit godt samarbeidsforhold med. Mykje av reiselivet i regionen er basert på friluftsliv og friluftsrådet bør ha tett dialog med desse organisasjonane.

14. Arbeide for lik merke mal på turstiar i regionen.

- i samarbeid med forum for natur og Friluftsliv.

6. Tilråding

Forslag til namn på selskapet:

Indre Sogn friluftsråd.

Forslag til økonomisk løysing:

Kommune	Innbyggartal	Årleg fast avgift	4 kr Avgift pr innbygger	Sum
Vik	2768	25000	11072	36072
Balestrand	1344	25000	5376	30376
Leikanger	2182	25000	8728	33728
Sogndal	7035	25000	28140	53140
Aurland	1682	25000	6728	31728
Lærdal	2199	25000	8796	33796
Luster	4945	25000	19780	44780
Fylkeskommunen		200000		200000
Staten		200000		200000
Sum pr år		575000	88620	663620

Første året bør kvar enkelt kommune gå inn med 25 000 kr ekstra for å finansiera oppstartskostnader, nettside og informasjonskatalogar.

Fylkeskommunen og Statsfondet er positive til eit årleg bidrag mot etablering av eit friluftsråd i indre Sogn.

Prosjektgruppa meiner at friluftsrådet bør invitere Årdal og Høyanger til å bli med i rådet etter ei eventuell etablering.

Forslag til tal på tilsette:

Det bør tilsetjast ein dagleg leiar. Dagleg leiar bør innan 6 mnd få prosjektfinansiert ei ny stilling og innan eit år prosjektfinansiere 2 stillingar. Desse stillingane skal finansierast frå statlege og fylkeskommunale midlar.

Alternative organisasjonsformar:

Det finst fleire alternative modellar for organisering av eit friluftsråd. Eit friluftsråd kan vera eit underutval til ein etablert organisasjon som til dømes Sogn regionråd. Det er ein føresetnad at denne organisasjonen er ein sjølvstendig juridisk eining. Rådet kan også organiserast etter kommunelovens § 27. Juridisk fungerer rådet då som ein medlemsorganisasjon.

Alternativ til organisering av eit friluftsråd:


1. Kommunelovens Kapittel 11, Kommunalt og fylkeskommunalt føretak.
2. Lov om Interkommunale selskap, IKS

3. Kommunelevens §27 om interkommunalt og inter fylkeskommunalt samarbeid.

4. Stifting

Tilråding til organisasjonsform:

Etter å ha sett på dei mest vanlege organisasjonsmodellane, har me vurdert at eit Interkommunalt samarbeid etter kommunelovens § 27 vil vere den beste løysinga. Endring av organisasjonsmodell kan uansett vurderast på eit seinare tidspunkt.



Lokalisering:

Prosjektgruppa har vurdert 3 alternativ for plassering av kontorlokale til friluftsrådet. Dei tre var Luster, Aurland og Leikanger. Alle tre stadene finst det god og stor kompetanse innan friluftaktivitetar. Gruppa kom fram til at Leikanger var den beste plasseringa for eit friluftsråd. Eit interkommunalt selskap må då driftast via Leikanger kommune, men som ein eigen eining.

Forslag om prøveprosjekt:

Prosjektgruppa foreslår at det etablerast eit friluftsråd som eit prøveprosjekt i 3 år med evaluering.

Forventa effekt av organiseringa:

Eit verktøy for arbeid med friluftsliv, folkehelse og livsutfalding.

Med ei slik organisering kan ein, basert på erfaring frå andre fylke, kunne oppnå ei rekke positive effektar. Friluftsliv blir satt på den politiske dagsorden i fylket, og gjennom interkommunalt samarbeid kan kommunane gjennomføre tiltak dei elles ikkje vil kunne få til, verken økonomisk eller organisatorisk. I samarbeid med både stat, fylkeskommune og friviljuge organisasjonar, blir friluftsråda eit stekt organ. Eit interkommunalt friluftsråd vil gjere det lettare både for kommunar og fylkeskommunen å drive med langsiktig, målretta og systematisk arbeid innanfor dei prioriterte områda i planane for friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Eit friluftsråd fungerer som eit kompetansesenter i regionen, og er nyttige instansar i høve planarbeid og som høyringsinstans. Vidare vil ein kunne skaffe prosjektmidlar til den aktuelle regionen som ein elles ikkje ville fått tildelt. Interkommunale friluftsråd vil kunne kanalisere nasjonale friluftsmidlar til fylket og enkeltkommunar, tilføre nasjonalt prioriterte prosjektmidlar til lokale, regionale tiltak.

Eit friluftsråd kan verte ei sentral samarbeidsaktør for å utvikle gode nærfriluftareal. Slike areal er viktige for å betre tilbodet og senke terskelen uorganisert aktivitet. Særlig viktig er det for barn og unge, samt andre som av ulike årsaker ikkje disponerar bil. Nærfriluftsområda er også viktige som tur og naturområde for skular, reiseliv og for å gje innbyggjarane ei større breidda av tilbod der dei bur.

7. Alternative løysingar til interkommunalt friluftsråd.

I mandatet heiter det at prosjektgruppa skal koma med framlegg til alternative samarbeidstiltak for friluftaktivitetar mellom kommunane.

Prosjektgruppa har diskutert moglegheitene for samarbeid innan friluftsliv viss ikkje eit friluftsråd vert etablert. Gruppa kom fram til følgjande punkt:

1. Sogn regionråd kan etablere eit nettverk med tilsette frå kommunane. Kvar kommune utnemner ein tilsett som er friluftslivsansvarleg. Dette vil vera eit fora for erfaringsutveksling og kompetanseheving. Nettverket bør velja ein leiar for ei periode på minst eitt år, og leiar har ansvar for innkalling til møte minst 4 gonger i året.
2. Nettverket kan også fungera som prosjektgruppe for utvalde prosjekt. Rådmannsgruppa vil kunne fungera som styringsgruppe for desse prosjekta. Kvar kommune dekkjer sjølv kostnader for deltaking på nettverksmøte, og kommunane er ansvarlege for kostnader knytt til evt. felles prosjekt. Regionrådet kan vedta å setja av midlar til nettverket.
3. Frivillige lag og organisasjonar og reiselivsselskapa kan inviterast til å vera med på samlingar til dømes i tilknytning til nettverksmøta.
4. Kommunane kan samarbeida om felles regional nettside for friluftsliv.

Prosjektgruppa meiner at den alternativet løysinga med å etablere eit nettverk vil styrka samarbeidet mellom kommunane innan friluftsliv, og vil bidra til at deltakarane kan dra veksjar på kvarandre sin kompetanse og erfaringar. Men nettverksalternativet vil ikkje gje dei same positive effektane som eit friluftsråd vil gje. Eit friluftsråd vil kunne gjera regionale prioriteringar og søkja om nasjonale prosjektmidlar til lokale/regionale tiltak. Nettverket av friluftslivsansvarlege vil først og fremst vera eit fora for erfaringsutveksling og vil i mindre grad ha tid og ressursar til å søkja om prosjektmidlar. Resultatet vert at færre tiltak blir gjennomført i regionen samanlikna med om kommunane etablerer eit friluftsråd.

8. Innspel frå referansegruppene og eit anna etablert friluftsråd:

Erfaringar frå Vesterålen Friluftsråd

Vesterålen friluftsråd er en del av det regionale kultursamarbeidet i Vesterålen. Vesterålen kulturutvalg er friluftsråd, men har delegert drift- og beslutningsmyndighet til et arbeidsutvalg(AU) som er sammensatt av representanter fra de ulike kommunene. AU er faglig bredt sammensatt, og det legges føringer om personer med beslutningsmyndighet innenfor våre områder (kultursjef, landbrukssjef, teknisk sjef ect). AU ledes representant oppnevnt av kulturutvalget.

hvor store er kommunene i rådet.

Vesterålen hadde 30 059 innbyggere pr 1. juli 2009, fordelt på Andøy (5 063), Bø (2 866), Hadsel (7 930), Sortland (9 652), og Øksnes (4 457).

Friluftsrådene i Norge er veldig forskjellige. I Nordland styrer vi unna forvaltning- og eiendomsprosjekt, vi er aktivitetsbasert og mye av virksomheten er innrettet mot barn og unge. Vi har til en hver tid 10 – 15 prosjekter gående. Noen eksempler:

- Lærende nettverk barnehager (2 barnehager fra hver kommune)
- Mininettverk grunnskole (utv. friluftsbaserte underv. opplegg)
- Kurspakker grunnskole
- Aktivitetsdagstilbud, grunnskole
- Kartlegging av friluftsområder i Vesterålen (arealplanlegging i samarb. med kommunene)
- Sikring av friluftsområde i Bø (oppkjøp med DN-midler)
- Flerkulturelt friluftsliv
- Årlig aktivitetsdag for psykisk utv. hemmede (150 delt)
- BaseCamp Vesterålen (ungd 13 – 18 år fra samtlige delt. kommuner)
- Produksjon av info.mat. (kart, sykkelbrosjyrer, padleguide, toppturhefte ect)

Vesterålen friluftsråd ble til på initiativ av Vesterålen turlag (som fremdeles er en tett og avgjørende samarbeidspartner). I første omgang ble det etablert som et prøveprosjekt, der en av Vesterålskommunene ikke deltok. Fra 2007 er vi etablert som en fast del av kultursamarbeidet og samtlige vesterålskommuner inngår som medlemmer. Fylkeskommunens bidrag og satsning på friluftsrådene er kanskje det viktigste elementet i dette.

Erfaringene er utelukkende positive. Til tross for stram økonomi i flere av medlemskommunene står satsningen på friluftsrådet fjellstøtt (man ser at man får tilbakeført flere ganger innsatsen i forhold til prosjekter). Et regionalt samarbeid om friluftsoppgaver gjør at man får gjennomført langt flere, og større, tiltak enn om kommunene skulle ha stått på egne ben i dette arbeidet.



Uttale til planar om etablering av Interkommunalt friluftsråd i Sogn

NJFF Sogn og Fjordane er fylkesledd til Norges Jeger- og Fiskerforbund, som er ein landsomfattande interesseorganisasjon for jakt, fiske og friluftsliv. Organisasjonen har som hovudformål å sikre jakt- og fiskeinteressene gjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgong til å utøve jakt og fiske.

NJFF Sogn og Fjordane ser veldig positivt på ei oppretting av friluftsråd her i fylket. Det vil bli ein sterk aktør på friluftssida og vi trur kommunane og dei friviljuge organisasjonane vil tene på eit slikt råd.

Vi har nokre foreløpige innspel om ynskjer til eit friluftsråd i Sogn:

- At friluftsrådet skal vere eit godt bindeledd mellom kommunane og frilufsorganisasjonar
- Vi ser det som positivt om FNF (Forum for Natur og Friluftsliv) og organisasjonane kan sitje i ei referansegruppe til friluftsrådet for å gjere banda sterkare, og for å skape eit sterkare fagleg samarbeid. Ei slik referansegruppe bør bli invitert til møte med styringsgruppa minst ein gong i året for å drøfte saker som friluftsrådet arbeider med, og gjerne inviterast på årsmøte.
- Styringsgruppa bør bestå av kommunalt tilsette som arbeider med friluftsliv i kommunen frå før, slik at ein sikrar kompetanse. Vi meiner det vil vere ei styrke for rådet dersom FNF Sogn og Fjordane har fast medlemsplass i rådet. Viser her til Nordmøre og Romsdal friluftsråd der NJFF Møre og Romsdal har fast plass i styret, noko som fungerer svært godt.
- NJFF Sogn og Fjordane ynskjer å kunne vere med som aktør når rådet arbeider med saker som går inn på NJFF sine interesser, t.d. å bistå med planlegging av fiskeplassar for handicappa, informasjonstavler etc der NJFF ynskjer det og rådet ser at det er hensiktsmessig.
- Friluftsrådet har samlingar med FNF og frilufsorganisasjonane
- Prosjekt retta mot barn og ungdom vert prioritert høgt opp, t.d. uteskular i samarbeid med organisasjonane og den kulturelle skulesekken
- Stimulere til friviljug innsats i organisasjonane
- Få med Årdal og Høyanger i rådet. Årdal jeger- og fiskerforening har uttalt ønskje om at Årdal kommune skal vere med i eit friluftsråd i Sogn. Det kan vere positivt at også dei ytre kommunane vert med då det som skjer ute på kysten / ytterst i fjorden, influerer det som skjer innerst i fjorden, med tanke på t.d. oppdrettsverksemd.
- Samlokalisere kontorplass til friluftsrådet med FNF for å få eit sterkt fagmiljø.

Med venleg helsing

NJFF Sogn og Fjordane



forum for
natur og
friluftsliv
Sogn og fjordane

Høyringsfråsegn interkommunalt friluftsråd i Indre Sogn

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er svært interessert i at det vert skipa friluftsråd i Sogn og Fjordane. Ei prøveordning i ein region over 3 år gjer at me får me prøvd ut både arbeidsoppgåver og modell dette første rådet i fylket skal arbeida etter. På sikt bør det etablerast råd som dekkjer heile fylket.

Sogn og Fjordane fylke har 22 av i alt 26 naturgeografiske regionar i landet, og er det fylket som har flest! Til samanlikning har heile Sverige 17 regionar, Finland 10 og Danmark 2.

Det er difor svært mykje natur å bruka/ivareta i fylket. Til dette trengs det omfattande fagkunnskap. Det er difor svært viktig at eit friluftsråd vert styrt av tilsette med brei naturfagleg kompetanse. Denne kompetansen vil styrka kommunane si forvaltning av både kulturlandskap og urørd natur. Den vil også koma dei frivillege organisasjonane som har natur og friluftsliv som sine virkefelt til gode. Dessuten vil den kunne styrke næringsgrunnlaget både for gardsturisme og reiselivet elles.

Samarbeid med dei frivillege organisasjonane innan natur og friluftsliv blir viktig for å unngå å gjera dobbelt arbeid, eller å gå kvarandre i næringa. Dette skulle ikkje by på noko problem sidan det er mange oppgåver å ta tak i. Ein del av dei føreslegne oppgåvene til dette prøverådet ligg nettopp slik til at dei kan overlappa det som dei frivillige alt gjer. Gjennom samarbeid kan ein også finne ut om det er grunnlag for at noko skjøtselsarbeid kan utførast på dugnad. Det må i tilfelle vera organisert og fagleg leia.

Godt samarbeid med det etablerte friluftslivet er også viktig for at friluftsrådet og organisasjonane kan utfylla kvarandre på beste måte. Då kan ein lettare nytta den kompetansen som finst på området. Av same grunn vil me føreslå ei samlokalisering med Forum for natur og friluftsliv i fylket, med kontorstad i Leikanger Næringshage.

FNF vil oppmoda om å få Årdal og Høyanger kommunar med i friluftsrådet etter etableringa.

For at eit friluftsråd over tid skal kunne bli eit viktig organ for kommunane og innbyggjarane, trur me dette kan oppnåast gjennom synlege tiltak i område som er eller kan bli mykje nytta som friluftsområde.

Forslag til arbeidsoppgåver (som i dag i liten grad vert utførde av andre), i prioritert rekkefølge:

- 1 Kulturlandskap, stell og tilrettelegging.**
Store deler av kulturlandskapet vårt gror att. Stiar, stølsvegar og stølsområde treng skjøtsel snarast for ikkje å bli ubrukelege til friluftsliv. Prioritering, stell og tilrettelegging for bruk av dette bør få førsteprioritet.
- 2 Sikring av område.**
Sikre område gjennom avtalar, planar og oppkjøp med statlege midlar. Område som er i bruk til friluftsliv i dag kan vera utbygde i morgon.
- 3 Anleggsmidlar.**
Søke tippemidlar til bygging av anlegg for friluftsliv etter prioritering i kommunane. F.eks: gangbruer, hytter (tilgjengelege for alle), parkeringsplassar ved utfartsområde, brygger for småbåtar.
- 4 Høyringsfråsegner.**
Skriva fråsegner til saker som vedkjem natur og friluftsliv.
- 5 Kompetanse**
Vere kunnskapsorgan for kommunane på område som gjeld natur og friluftsliv.

Deretter kan ein bruke tid på andre ting, som kurs, arrangement, reiseliv mm.

FNF ønskjer å styrke bindeleddet mellom natur og friluftslivorganisasjonane og eit friluftsråd og føreslær å sidestilla Forum for natur og friluftsliv med Friluftsråda sitt landsforbund i organisasjonsmodellen. Dette vil gje ei betre plattform for samarbeid, sidan FNF representerer alle organisasjonane.

Med helsing

FNF Sogn og Fjordane

Einar Skram Husabø
koordinator

9. Dokumenter og litteratur

- Lov om friluftslivet av 28 juni 1957 nr 16
- Stortingsmelding nr 39 (2000-2001) om friluftsliv
- Årsmelding for Polarsirkelen friluftsråd (pf) 2009
- Protokoll frå konstituerande årsmøte for Polarsirkelen.
- Årsmelding Friluftsrådenes landsforbund
- Friluftsliv prosjekt nr 30
- Friluftsråd prosjekt nr 31
- Årsmelding Friluftsrådet Vest 2009
- Tilråding om regionalt samarbeid om friluftsliv og naturopplevingar i Troms.
- Friluftsrådets Landsforbund
- Kommuneplanar
- Status frå kvar kommune komplett
- Lov om interkommunale selskap
- Lov om kommunar og fylkeskommunar
- Lov om stiftingar
- Lov om friluftslivet
- Friluftsrådets Landsforbund: Erfaring med interkommunalt samarbeid innan friluftsliv.

10. Vedlegg

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune sin anbefaling til etablering av friluftsråd.

Saman om friluftsliv, helse og livsutfalding

Utgreiing om etablering av interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane

1 INNLEIING

Friluftsliv er i offentlege dokument definert som "opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevelse". Friluftsliv og naturoppleving er eit velferdsgode for lokalbefolkninga samstundes som det er infrastruktur for opplevingsturisme og geoturisme. Ei auka tilrettelegging, betre informasjon, aktiv sikring av områder og synlegging av desse, er ei naudsynt oppgåve som er kommunane sitt ansvar. Tilrettelegging for friluftsliv er eit fag som krev kompetanse, mandat og ressursar. Sett i eit helseperspektiv har friluftslivet ei stor betydning. Kring 80% av fylket si befolkning seier at turgåing og friluftsliv er den aktivitetsforma dei føretrekker.

"Stimulering til økt friluftsliv er et av de enkleste og minst kostnadsekrevende tiltak innenfor området fysisk aktivitet vi har for å aktivisere flest mulig av fylkets befolkning"

Fylkesråd for kultur og miljø Heidi Kristin Sæthre, Nordland fylkeskommune.

2 FØREMÅL

2.1 Løyse regionale utfordringar

Det er store utfordringar knytt til regionen sitt omdøme som opplevingsregion. Landskapet gror ned, kystinfrastrukturen forfell, og både strandsona og fjellheimen er tema for omfattande utbyggingsplanar. I tillegg har vi verdsarvområder og statleg sikra friluftsområder i fylket som skal forvaltast. Dei statlege satsingane innan friluftsliv er omfattande i andre regionar, men har så langt berre i liten grad kome Sogn og Fjordane til gode. Nye aktivitetstrendar, kombinert med veksande internasjonalt fokus på "helseturisme" og "geoturisme", krev god friluftslivsforvaltning. Nye problemstillingar krev nye strategiar og metodar, så vel politisk som praktisk. Dei ugjorte oppgåvene krev kunnskap og handlingskraft i forhold til tur, sport, naturoppleving og folkehelse. "Friluftsrådmodellen" har vist seg egna til å handtere desse utfordringane og oppgåvene av denne typen.

I dei fleste fylka i landet er det etablert samarbeid om friluftsliv mellom kommunar gjennom interkommunale samarbeid etter friluftsrådsmodellen. I Sogn og Fjordane er det ingen slike samarbeid. Interkommunale friluftsråd vil vere til det gode, både for lokalbefolkninga og tilreisande. Oppgåver for eit friluftsråd kan vere; profilering og informasjon med heimeside, portal for friluftsliv og naturoppleving med interaktive kart. Publikasjonar som turguidar, turbøker, turkart, samt skilting og merking. Eigne tiltak retta mot minoritetsgrupper, eldre og skuleborn. Rådet kan vidare fyller funksjonen som ekspertorgan og kompetansesentral. Dokumentasjon, kartlegging og kategorisering av turområder. (sjå vedlegg 1: Årsberetning 2006 Midt Agder Friluftsråd).

2.2 Folkehelse

Regelmessig fysisk aktivitet reduserer risiko for tidleg død og førebygger ei rekke livsstilssjukdomar (hjarte- og karsjukdomar, diabetes type 2 og visse krefttypar). Effekten på psykisk helse er også dokumentert. Helsekonsekvensane av fysisk inaktivitet er enorme. Tal frå Danmark syner at 7-8% av alle dødsfall, 2,5 mill legekonsultasjonar, 100.000 innleggingar, 3,1 mill fråværsdagar og 5000 førtidspensjoneringar skuldast fysisk inaktivitet (Statens institutt for Folkesundhet). Aktive menneske kan forvente 8-10 fleire leveår utan alvorleg sjukdom samanlikna med inaktive. I Nordland har dei rekna ut at fysisk inaktivitet og fedme utgjer høvesvis 165 mill. og 220 mill. i direkte helseutgifter kvart år. Korrigert for folketalet gjeld desse tala truleg også for Sogn og Fjordane.

Fysisk aktivitet er det største området innan folkehelsearbeidet i fylket med stor aktivitet og mange samarbeidspartar. Friluftsliv er ein overmåte viktig del av dette temaet (vedlegg 2. Naturen – vårt viktigaste anlegg for fysisk aktivitet). I eit fylke som Sogn og Fjordane, der innbygarane har mykje og variert natur liggande rett utanfor stovedøra ligg det også godt til rette for å få til tilrettelagt aktivitet for inaktive og utsette grupper i befolkninga.

Alle dei 20 kommunane i Sogn og Fjordane som har inngått partnerskapsavtale om folkehelse har prioritert arbeidet med fysisk aktivitet som eit av sine prioriterte område. Arbeidet lokalt skjer i tett samarbeid med kommunale instansar og frivillige organisasjonar, og rettar seg i vesentleg grad mot friluftslivet. Som ledd i partnerskapsarbeidet vert det årleg tildelt statlege og fylkeskommunale tilskotsmidlar til etablering og iverksetting av lågterskeltilbod for inaktive i regi av frivillige organisasjonar i fylket. Desse midlane skal ikkje brukast til infrastruktur, men skal gå til sjølve aktiviteten. Det at vi ikkje har friluftsråd å spele på, noko dei fleste andre fylke har, gjer mykje av dette arbeidet tyngre enn om ein hadde hatt oppegåande friluftsråd som samarbeidspart.

3 OM INTERKOMMUNALE FRILUFTSRÅD

3.1 Organisering

Friluftsråda er organisert som interkommunale selskap (IKS) (vedlegg 3: Om interkommunale friluftsråd). Friluftsråda bør ikkje vere for store å ha ei naturleg geografisk avgrensing. Tilrådinga frå Friluftsrådenes Landsforbund er at ein ikkje driv desse som prosjekt, men alt frå dag ein tenkjer ei permanent drift. I oppstartfasen er friluftsråda (generelt) heilt avhengige av ekstra tilskot for å kunne ha ei tilfredstillande utvikling og komme i gang med konkrete arbeidsoppgåver. På sikt vil råda definere egne prosjekt som vil generere driftsmidlar og personell. Eit mål må vere at det på sikt skal vere mogleg for alle kommunar i fylket og vere medlem i eit friluftsråd. Den geografiske avgrensinga i dette høve blir ei av utfordringane.

3.2 Kostnader og finansieringsmodell

Dei interkommunale selskapa ein har i dag har ei fast tredelt finansiering, med tilskot til drift både frå stat (ca 1/3) kommunane (ca 1/3) og fylkeskommunen (ca 1/3). Ved ein oppstart må ein tenkje langsiktig og starte med ein prøveperiode på 3-5 år, med eit klart mål om ei permanent ordning. I Nordland fylke, som på mange vis er likt Sogn og Fjordane, har dei fire friluftsråd. Desse er ein viktig del av fylkeskommunen si satsing på folkehelse. Dei har ein eigen budsjettpost for driftstilskot til friluftsråda, i tillegg til ein eigen post for tiltaksmidlar for å sikre kontinuerleg drift av råda. Frå 2007 har Nordland fylkeskommune gjort avtale med

dei fire friluftsråda om ei flat fordeling av driftsmidlar på 100.000 pr. råd. I tillegg er det satt av tiltaksmidlar på 500.000, som råda søkjar på ut frå vedtekne handlingsplanar.

4 FORVENTA EFFEKT AV ORGANISERINGA

4.1 Eit verktøy for arbeid med friluftsliv, folkehelse og livsutfalding

Med ei slik organisering kan ein, basert på erfaring frå andre fylke, kunne oppnå ei rekke positive effektar. Friluftsliv blir satt på den politiske dagsorden i fylket, og gjennom interkommunalt samarbeid kan kommunane gjennomføre tiltak dei elles ikkje ville kunne få til, verken økonomisk eller organisatorisk. I samarbeid med både stat, fylkeskommune og friviljuge lag og organisasjonar, blir friluftsråda et sterk organ. Interkommunale friluftsråd i fylket vil gjere det lettare både for kommunar og fylkeskommunen å drive med langsiktig, målretta og systematisk arbeid innanfor dei prioriterte områda i planane for friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Friluftsråda fungerer som eit kompetansesenter i regionen, og er nyttige instansar i høve planarbeid og som høringsinstans. Frå direktoratet for naturforvaltning si side er det eit ønskje om at det vert utarbeid enkle forvaltningsplanar for dei største og viktigaste statleg sikra friluftsområda i fylket. Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vert det sagt at dei fleste fylka i landet har friluftsråd, og det er då naturleg at dei står for dette. I vårt fylke har vi ikkje dette, slik at forvaltning/drift av desse områda blir ei oppgåve for den einskilde kommune. Vidare vil ein kunne skaffe prosjektmidlar til den aktuelle regionen som ein elles ikkje ville fått tildelt. Interkommunale friluftsråd vil kunne kanalisere nasjonale friluftsmidlar til fylket og enkeltkommunar, tilføre nasjonalt prioriterte prosjektmidlar til lokale, regionale tiltak.

4.2 Kopling til utviklingsoppgåver, tettstad - og lokalsamfunnsutvikling

Friluftsråda kan verte sentrale samarbeidsaktørar for å utvikle gode nærfriluftslivsareal. Slike areal er viktige for å betre tilbodet og å senke terskelen for uorganisert aktivitet. Særleg viktig er det for barn og unge, samt andre som av ulike årsaker ikkje disponerar bil. Nærfriluftsområda er også viktige som tur og naturområde for skular, reiseliv og for å gi innbygarane ei større breidda av tilboda der dei bur. Typiske nærfriluftsområdar er turområdar, badeplassar og fiskeplassar. Turveggar kan også vere eit triveleg alternativ til gangveggar, og nokon gongar det einaste bilfrie sambandet mellom tettstader/grender.

4.3 Samarbeid i høve destinasjonsselskapa

I samband med satsing på reiseliv og opplevingsnæringar disponerar destinasjonsselskapa omlag 6 millionar kr. pr. år til utvikling og tilrettelegging av "ikkjekommersiell" infrastruktur. Noko av dette er typisk infrastruktur som friluftsråda kan ta ansvar for å opparbeide og å vedlikehalde. Friluftsråda vil såleis vere ein god samarbeidspart for å gjennomføre destinasjonsselskapa sine tiltak, i tillegg til dei andre tilretteleggingane som lokalsamfunna prioriterar høgare. Råda vil ha kompetanse og utstyr til å gjennomføre oppgåvene på ein samfunnseffektiv måte.

5 FYLKESKOMMUNEN SI ROLLE

Fylkeskommunen si rolle vil i starten vere som ein fødselshjelpar og økonomisk støtte. På sikt vil fylkeskommunen vere ein samarbeidspart og økonomisk støttespelar.

6 KONKLUSJON

Det vert tilrådd at fylkeskommunen går inn for å støtte ei etablering og drift av interkommunale friluftsråd i fylket, dersom det vert framlagt ein slik søknad. Dette er ei organisering som både vil tene fylkeskommunen, kommunane, staten, innbyggjarane i fylket, reiselivsnæringa og alle som besøker regionen.